



Fylkeslandbruksstyret gjekk samrøystes i mot søknaden frå Tormod Myklebust om frådelling. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag var saka om frådelling av ei bustadtomt på eit halvt mål som Tormod Myklebust har søkt om oppe i fylkeslandbruksstyret. Det gjekk samrøystes inn for framlegget frå landbruksdirektøren som opphever vedtaket med fem mot fire i forvaltningskomiteen i kommunen om å gje delingsløyve etter jordlova.

Dermed blir søknaden om frådelling avsele, men vedtaket kan klagast inn for Statens landbruksforvaltning innan tre veker.

Myklebust ynskjer å byggja bustadhus nummer tre på bruket på ein stad som gjer det til ein naturleg del av tunet. I saksorienteringa for fylkeslandbruksstyret vart det peika på at det her er snakk om frådelling og ikkje kårhus i tradisjonell forstand.

"Hus nummer to" er ikkje i brukande forfatning.

Landbruksdirektøren kunne, som administrasjonen i kommunen, ikkje sjå at det ligg føre samfunnsinteresser som talar for at deling bør skje. I tillegg er det eit vilkår etter jordlova at det ligg føre samfunnsinteresser av stor vekt, påpeika han.

Når det gjeld om delinga er forsvarleg utifrå kva avkastning bruket kan gje, er dette meir tvilsamt, meinte landbruksdirektøren. Arealet som ein ynskjar frådelte består delvis av hagen i tunet og delvis av dyrka mark. Då det likevel er snakk om ein relativt beskjedne storleik på tomta, fann landbruksdirektøren likevel at ei mogeleg svekking av avkastninga på bruket ikkje kan gjevast tung vekt i saka.

Landbruksdirektøren kom også inn på at landbrukseigedomar skal forvaltast i eit langsiktig perspektiv. I denne saka vil det vera svært uheldig om bebuarar utan tilknytning til bruket blir buande i tunet på frådelte tomt. I vedtaket frå forvaltningskomiteen er det teke inn vilkår om at hovudbruket skal ha forkjøpsrett til marknadspris dersom bustaden skulle bli lagt ut for sal.

- Bak dette ligg det gode intensjonar, men erfaringsmessig viser det seg at slike heftingar sjeldan er føremålstjenlege, skreiv landbruksdirektøren.

Årsaka er at dette blir eit svært kostbart kjøp for landbrukseigedommen som er prisregulert i motsetnad til det frådelte huset. Finansiering vert såleis utfordrande.

Landbruksdirektøren meinte denne saka bit seg sjølv i halen då bakgrunnen for at det ynskjast deling tek utgangspunkt i at det er dyrt å auke bygningsmassen på bruket.

På sikt er det difor ein risiko for at det frådelte "kårhuset" vert lagt ut på den opne marknaden og får inn bebuarar som ikkje til ei kvar tid er positive til dei ulempene landbruksdrifta påfører dei. Erfaringsmessig blir bruket svært skadelidande i slike konflikter. Ein vil og få auka trafikk som ikkje er knytt til drifta gjennom og i tunet, heldt landbruksdirektøren fram.

Han minna om at det er kommunane som har avgjerdsmynde og at dei må ha eit ikkje uvesentleg spelerom. Når han likevel har funne grunn til å ta opp denne saka er det fordi den vil kunne påverka praksis i liknande saker på ein uheldig måte.

Dessutan er vedtaket i kommunen om deling ikkje treffande då det er potensial for store drifts- og miljømessige ulemper knytt til ei frådelling av bustad i tunet på eit større mjølkebruk.

Av Ola Matti Mathisen